

---

**Fra:** Aina Isdal Haugland <ainaisdal@outlook.com>  
**Sendt:** tirsdag 5. november 2019 13:38  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Vedkomande områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 - klage

Til Fylkesmannen i Hordaland (Vestland)

Eg viser til kunngjering av godkjent områdeplan for Lonena.

Som grunneigar av 185/5 (185/1), er delar av eigedomen min råka av vedtaket. På grunnlag av dette ønskjer eg å klage på vedtak gjort i Lonenaplanen, plan-ID 1263-201610.

Klagen gjeld både del 1 og del 2 av vedtaket. I del 1 gjeld klagen særskilt endring i planstatus frå LNF til friluftssareal. Dette kjem ikkje direkte fram i tekstdelen av vedtaket, men vil liggje i plankartet. Del 2 gjeld det såkalla frikjøpet av dei areala der eg har eigarskap.

Eg takkar elles for brev frå Kaia Marie Amland i Lindås kommune, merka 19/32171, der eg har fått utsett frist til 21. november for å grunngje klagen. Eg ønskjer å nytte meg av dette og ettersender grunngjeving innan denne fristen.

Med helsing

Aina Isdal Haugland